

Vår ref.:
23/01772-2

Dato:
08.02.23

Referat IDF møte 2/23 (08.02.2023)

Dato og møtets varighet: 8. februar 2023 kl 12:30-14:15

Til stades:

Organisasjonane:

Wenke Wüsthoff Jortveit, Parat

Tone Skjerdal, Norsk tenestemannslag (NTL)

Aslaug Furholt, Utdanningsforbundet (UDF)

Sigrid Bøyum, Forskerforbundet (FF) (sak 3/23 og 4/23)

Pål-Albert Olsen, Akademikerne

Nina Samnøy, Akademikerne, bisittar

Trond Bratteli, Forskerforbundet (FF) (sak 2/23 og 5/23)

Karin Bell: Hovudtillitsvald (HVO)

Arbeidsgjevar:

Tage Båtsvik, Organisasjonsdirektør (Org.dir.)

Anette Undheim, seniorrådgjevar for Avdeling for HR

Linn Melby Meyer, rådgjevar Avdeling for HR

Wenche Fjørtoft, seniorrådgjevar Avdeling for HR (referent)

Endre Laastad, avdelingsleiar for Avdeling for drift og utvikling (ADU) (sak 03/23 og 04/23)

Karl Henrik Svensson, einingsleiar for arealforvaltning (Sak 4/23)

Anne-Grethe Naustdal, prorektor for utdanning (Sak 2/23 og 5/23)

Espen Fosse, avdelingsleiar ved Avdeling for studieadministrasjon (sak 2/23 og 5/23)

Forhandlingssaker;

02/23 Forhandling om organisatoriske endringer under prorektor for utdanning

Jmf, protokoll

Drøftingssaker:

03/23 Pilot sensorløsninger i tredje etasje K2

ADU gjorde greie for saka.

Parat: Piloten høyrer spennande ut og kan få stor nytte for HVL. Reknar med at personvernet er vurdert i denne saka. Stiller spørsmål om dette skal gjennomførast på andre campus?

ADU: Denne vurderinga er ikkje gjort enno. Må sjå på ulike føresetnader på campusane. Saka vil bli vurdert og drøfta på nytt om prosjektet skal utvidast.

NTL: Lurt å starte med ein avgrensa pilot. Bør informere dei som blir omfatta av sensor-utprøvinga, spesielt i høve til kva dette skal nyttast til. Kven har tilgang til data?

HVO: Kva skjer etter piloten? Ønskjer tilbakemeldingar om systemet fungerer etter intensjonen. Vil prosjektet få konsekvensar for areala?

UDF: Mykje som kan vere bra, og særleg om cellekontor blir utelate av ordninga. Kva konsekvensar har registreringa? Er skeptisk dersom t.d. reserverte møterom blir kansellerte etter 15 minutt utan at den som har reservert blir førespurt. Det hender ein er forsinka og då vil oppleve at rommet er opptatt når ein kjem. Vil det ha konsekvensar for drifta og reservasjon av areal, mindre fleksibilitet?

FF: Samd med NTL. Er det naudsynt å ha registrering etter arbeidstid? Korleis vil anonymiteten vere når det er få til stades? Vi ønskjer å få tilsette til å vere på arbeidsplassen. Vil dette skremme folk frå å kome på arbeidsplassen?

ADU: Mange gode innspel. Informasjon er viktig. ADU vil ha stor merksemd på å opplyse tilsette om at det føregår sensorregistrering. Kontor er ikkje med i prosjektet. Dette gjeld for heile 3.etasje i K2. Ønskjer å måle belastninga i denne etasjen. Dette er anonyme data, ikkje på personnivå. Det er registrering av bevegelse, ikkje på kven som er til stades. Vi vil kome tilbake til vidareutvikling om dette er aktuelt.

Ønskjer å gjennomføre ei opa evaluering og spørje brukarar, tilsette og studentar, 12 mnd fram.

04/23 Nye retningslinjer for tildeling og bruk av arbeidsplassar på HVL

ADU informerte om saka. Ei samla arbeidsgruppe stilte seg bak arbeidet og forslag til retningslinjer. Vi må bruke areala våre meir effektivt. Det vil framover sannsynlegvis bli underdekking av arbeidsplassar framover. Det er utført ROS-analyse. Deling av arbeidsplassar skal skje innanfor einingane. Trinnvis innføring.

Akademikerne: Ønskjer retningslinjene velkomen, og har følgjande innspel:

«Arbeidsplassen er viktig for arbeidsmiljøet, og den enkeltes produktivitet og trivsel. Akademikerne ved HVL ønsker velkommen felles retningslinjer for bruk av arbeidsplasser ved HVL. Samtidig må retningslinjene fange opp at HVL ikke er en homogen arbeidsplass, og at det er stor variasjon i arbeidsoppgavene til ansatte ved HVL.

Forbedringspunkter i retningslinjene:

1. Ansvarslinjer og delegasjon er uklart flere steder, og burde komme tydeligere frem i retningslinjene.
2. Retningslinjene kunne i større grad fanget opp at tildelingsbrevet for 2023 pålegger HVL å vurdere å tilrettelegge for økt bruk av desentralisert arbeid.
3. Det burde komme tydeligere frem at den enkeltes arbeidsevne skal hensyntas i utformingen av arbeidssituasjonen, bl.a. alder og andre forutsetninger, ref. Arbeidsmiljøloven § 4-2, (2) b.
4. Ansatte som nærmer seg pensjonsalder er en gruppe som kan trenge ekstra insentiver for å fortsette arbeidsforholdet, og bruk og utforming av arbeidsplassen kan være et viktig virkemiddel.
5. Punktet om emeritusstillinger kan virke noe strengt med tanke på at dette er viktige ressurspersoner for fagmiljøene.»

Parat: Retningslinjene er ikkje tydelege. Korleis blir fagmiljø/einingar definert? Kven får vere med å definere dette? Er det gjennomførbart å ha sosiale soner over alt? Korleis vil tilrettelegginga tatt omsyn til for dei som har tilretteleggingsbehov: mellom anna stolar og oppbevaring. Ein del stillingar arbeider med studierettleing. Det er viktig at studentar veit kvar dei skal gå.

ADU: Ansvarslinjer og delegasjon kan vere ei utfordring. Linjeleiar vil ha ansvar for iverksetting. Kan ikkje bli for sentralstyrt, men ha lokal autonomi.

Kven skal ha fast arbeidsplass? Tilretteleggingssaker – vi har prosedyrar på dette. Må vurderast lokalt. Emeritus: som sektoren elles. Kan få tildelt arbeidsplass viss det finst kapasitet. Må avgjerast lokalt.

Fagmiljø skal haldast samla. ADU har fått i oppdrag å lage vegkartet. Innføring har venta på at saka er drøfta. I arbeidet med å utforme vegkartet over einingar som skal dele arbeidsplassar vil ADU samarbeide med fakulteta, avdelingane, personalleiarar, tillitsvalde og hovudverneombod.

HVO: Når skal dette implementerast og korleis?

ADU: Implementering vil skje i løpet av 2023. Trengst rydding (Rusken-aksjon) og tilpassing av areal. Operasjonalisering vil vere mot sommaren. Nokre fagmiljø ønskjer å prøve dette ut.

Org.dir: Retningslinjene inneber sambruk, men tilrettelegging vil alltid gjelde og vere førande.

Parat: Positivt at dette blir gjennomført. Det har vore ein god prosess. Har det blitt gjort vurdering i høve dei som har cellekontor? Skal alle booke arbeidsplass kvar dag? Det går tid viss ein skal leite etter arbeidsplass. Vil leiarane sine arbeidsplassar også bli ein del av kabalen? Eksamenskontoret i Bergen opplever at dei sjeldan blir oppsøkt av vitskapleg tilsette slik dei hadde tidlegare. Ingen veit kvar dei skal finne dei tilsette. Ønskjer ikkje større avstand i organisasjonen.

UDF: Stipendiatane har også eit sterkt ønske om å bli assosiert som del av fagmiljøet dei er tilknytt. Blir det tatt omsyn til dette i arbeidet? Primærkontor: dei fleste ønskjer å ha eit primærkontor. Håper at det vert laga system for det som er optimalt og at primærkontor er eit utgangspunkt.

ADU: Viss alle skal ha primærarbeidsplass så er det nokon som må springe rundt og leite. Arbeidet sitt særpreg må telje. Einingane må lage sine retningslinjer for rett til fast plass. Intensjonen er at alle skal dele. Arbeidsvanane er endra seg til å bli meir digitale. For leiarar gjeld det same utgangspunktet at ingen har fast plass, men dette blir overlata til einingane.

Bør ha eit primærkontor, slik ein alltid slepp å leite.

FF: Ulike utformingar på ulike campusar. Viss ein har moglegheit så kan ein løyse dette slik det er hensiktsmessig. Til dømes så kan pendlarar vere dei som må ha fleksibel arbeidsplass.

Org. dir: Ordninga vil bli prøvd ut gjennom pilotering. Dei løysingane som er best tilpassa dei lokale behova vil også vere viktig.

Informasjonssaker:

05/23 Informasjon om arbeidet med studieportefølje våren 2023

Prorektor for utdanning orienterte om saka. Dette er ei direkte oppfølging av rapport om studieportefølje til styret i juni. Økonomisk status har gjort at vi går raskare inn i denne saka enn det som var tenkt ved styrebehandlinga. Vi har mista studieplassar som gjer at vi kjem til å mista 80 millionar av basisfinansieringa som følgje av nedtrekk og utfasing av studieplassar i budsjettet. Tillitsvalde må vere tett på dette frå starten av. Korleis kan ein samarbeide?

Parat: Fint å få invitasjon til deltaking. Underleg at tillitsvalde ikkje var nemnt i prosessen for å delta i dei tre arbeidspakkane frå starten av. Har flytting av studieplassar mellom campusar vore diskutert?

HVO: Vernetenesta ønskjer å delta. Kva konsekvensar har dette for arbeidstakarar sitt arbeid?

UDF: Tillitsvalde må delta i arbeidet. Ein del studietilbod opplevast ikkje relevante. Tilsette og studentar må involverast i kva som skal til for at ein søker seg til studia. Nokre tilsette har ikkje fulle arbeidsplanar. Korleis skal vi utnytte denne ressursen? Tilsette må få forståing for kva som skjer. Meir involvering til betre og gode prosessar.

NTL: Ei stor sak. I ressursgruppa er det fleire frå kvart fakultet. Problemstillingane må takast inn i ID-møta på fakulteta. Informasjon kan det aldri bli nok av. Ein lyt få førebu seg på det som kan koma. Føreslår ein statusrapport for hovudtillitsvalde td i april. Påpeikar at god informasjon er viktig. Ber om at det blir informert om saka på Vestibylene.

Prorektor: Gode innspel og refleksjonar. Tidslinje: som ledd i dei tre arbeidspakkane så er det behov for å revidere retningslinje for trekking av studium. Må gjere strategisk vurdering av studieporteføljen. Innspel frå Utdanningsutvalet i 9.februar. 7. mars skal saka handsamast i styret. Inviterer HTV til møte i neste veke om desse retningslinene. Ønskjer ei anna prosedyre og vil ha saka til vurdering i Toppleiinga. Det er behov for eit betre grunnlag, og å prøve ut ny rutine (retningslinje).

NTL: Er positiv til møte og ber om invitasjon til dette.

Prorektor for utdanning: Betre med jamlege eigne møte med HTV og HVO i staden for deltaking i arbeidsgruppene der ein har to møte pr veke.

Flytting av studieplassar mellom fakultet må i tilfelle kome inn i prinsippa for studieportefølje.

Ikkje rett bruk av ressursar at tilsette ikkje har fulle arbeidsplanar.

Det er semje om medverknad i eigne møte på eigna tidspunkt i høve til viktige prinsipielle synspunkt. Eigne møte som prorektor har med hovudtillitsvalde ut over våren, som vert dokumenterte, og er del av systematiske medverknad i prosessen. .